

Over 50 flinke, flotte julabukkar i Korsnes.

06.01.2015



Å gå julabukk er ein fin tradisjon. Kjekt for dei som kler seg ut og går, og koseleg for dei som får besøk. I år var og veret såpass at det ikkje begrensa denne tradisjonen, dermed har julabukk nr. 58 vore på besøk hos undertekna i Korsnes i det dette vert skrive når klokka passerer sju.



Dette tyder på at svært mange går julabukk i år, og truleg vert det rekordbesøk mange stader. Når julabukkane er så flinke som dette året, er det verkeleg koseleg! Kvar gong vi har opna døra, har vi blitt møtt med flott song. Særleg songen har imponert i år. Dei syng godt ut for full hals, og variasjonen i julesongar er langt betre enn for få år sidan då dei fleste song same songen. Høflege er dei og. Etter å ha fått sin vesle og velfortente godtepose, trur eg samtlege har kvittert med å takka klart og tydeleg.

Dette gjer trettandereio, som det og vart kalla tidlegare, til ein flott og koseleg tradisjon!

Men det er berre å innrømme at årets julabukkar er langt flinkare enn underteikna var. Eg var nok for beskjeden til å syngja!



Bileta viser nokre utvalde julabukkar.





Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland